

Besøkssenter Gulatinget

Styringsgruppa for Gulatinget hadde møte den 14. mars 2017. Ei av sakene vi hadde oppe var Besøkssenter Gulatinget. Vi har dei to siste åra søkt om statleg finansiering for dette bygget, men fått avslag grunna i at den eine tredelen som ligg til fylkeskommunen ikkje er dekning for i søknaden.

Besøkssenter Gulatinget låg tidlegare inne med midlar i budsjettet til fylkeskommunen med prioritet etter «Kløften», magasin for Musea i Sogn og Fjordane. Midlane til besøkssenteret vart teke ut grunna økonomien til Fylkeskommunen.

Vi ser no at magasin for musea får si løysing, og at det er fleire andre kulturbyggar som er under planlegging. Då vert det viktig at fylkeskommunen fyl sine tidlegare prioriteringar, og at besøkssenter Gulatinget kjem inn att med investeringsløyvingar på budsjettet. Det vil også føre til at det vert lettare å få statleg løyving slik at vi kan få realisert planane for eit sårt tiltrengt besøkssenter på den flotte tusenårsstaden Gulatinget.

Her er vedtaket frå styringsgruppa:

4. Besøkssenter Gulatinget

Det er semje om å fremje sak om besøkssenter på Gulatinget politisk. Hovudutval for næring og kultur skal diskutere innspel til investeringsplanen. Den vert tema i Finansutvalet i mai. Investeringsplanen skal handsamast i desember-tinget.

Vedtak: Ordførar i Gulen førebrur sak til Hovudutval for næring og kultur innan 24. mars (sakene vert sendt ut den 28. mars)